



Om evne og vilje til å sjå kvinner i mellomalder-kjeldene

JØRN ØYREHAGEN SUNDE OG ELSE MUNDAL

The Old Norse term *maðr* had in the Middle Ages the dual meaning ‘man’ and ‘human being’. If we read Norwegian medieval law with this common knowledge as a backdrop, we find that women play a significant role in legal life in both the oldest compilations of law, the Christian laws – canon law adopted by public assemblies – and in the Code of the Norwegian Realm of 1274. Women as legal actors were not only found in written law but are reflected in legal practice from the 14th century. A systematic examination of mortgage documents show that women were the primary actor in 20% of these documents. Women could appear in public life in most legal situations, also as executors (*ombudsmen*), but could not, however, take on the role as judge.

For å kunne forske på kvinnene si stilling i norske mellomalderkjelder er det nødvendig å finne dei i kjeldene, og å *sjå* dei. Det har vi ikkje gjort i tilstrekkeleg grad i norsk mellomalderforskning til no.

Ei årsak til at ein ikkje har fått augo på kvinnene i rettslivet i mellomalderen, ligg i det norrøne språket. Endringar i språket frå norrøn tid til i dag har i nokre tilfelle tåkelagt i kor høg grad kvinnene var til stades i språket. Då tenkjer vi ikkje primært på store endringar i grammatikken, og at dei fleste av oss er avhengige av ordbok for å forstå fleirtalet av orda i ei setning. Vi tenkjer på eit lite ord, *maðr* med fleirtalsforma *menn*. Vi kan starte med å sjå på prologen i Snorres *Edda*:

*Almáttigr guð skapaði himin ok jörð ok alla þá hluti er þeim fylgja, ok síðarst menn tvá er ættir eru frá komnar, Adam ok Evu.*¹

(Den allmektige Gud skapte himmel og jord og alle dei ting som høyrer til dei, og til slutt skapte han to *menn* (norr.), som slektene stammar frå, Adam og Eva.)²

¹ Snorri Sturluson, red. Faulkes 1988: 3.

² Omsetjingane frå norrønt her og seinare er våre egne der ikkje anna er sagt.

Den primære tydinga av *maðr* er 'menneske', og for å få ei rett omsetjing av teksten, må *maðr* i dette tilfellet omsetjast med menneske. I norrøn tid ser vi ei språkutvikling der ordet *maðr* ofte står for 'mann/karmann', men det har framleis ofte også tydinga 'menneske', og kan då stå for kvinne, og når vi har fleirtalsforma *menn*, kan kvinner godt vere inkluderte. Dette er velkjent for alle som arbeider med mellomalderkjelder. Det har likevel vist seg vanskeleg å få forskarar, når dei møter ordet *maðr*, t.d. i ein lovtekst, til å stogge opp og spørje seg: kan *maðr* i dette tilfellet også vere ei kvinne? Sjølv om tvilstilfelle kan finnast, er det oftast mogeleg å svare eit klart ja eller nei på dette spørsmålet. Det kan vi sidan det samla lov materialet gjev mange opplysningar om kva rettar kvinner har etter lovene, kva slags krav som vert stilte til dei, kva status dei har i heimen og i det vidare samfunnet, og kva slags roller i ein rettsprosess dei kan gå inn i. Kvart enkelt tilfelle der ordet *maðr* er brukt, og der det isolert sett kan vere uklart om ordet referer både til mann og kvinne, kan tolkast i lys av dei mange døma der teksten eller konteksten gjer det klart at ordet kan stå både for kvinne og mann.

Likevel valde Absalon Taranger i si omsetjing av Landslova til riksmål i 1915 å omsetje *maðr* hovudsakleg med mann.³ Det same gjorde Knut Robberstad i si omsetjing av Magnus Lagabøters Bylov i 1923,⁴ og av Eldre Gulatingslov i 1937.⁵ *Maðr* vert også gjerne omsett til 'mann' i nyare lovomsetjingar, som i Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes si omsetjing av Frostatingslova av 1994⁶ og Bjarkøyretten for Nidaros i 1997.⁷ Det har vist seg at omsetjarar, både av lovtekstar og andre tekstar,

³ Til dømes Landslova IV-8 og 18; Taranger 1915: 48 og 58, jf. NgL II: 53 (kap. 7) og 62 (kap. 17).

⁴ Til dømes Bylova VI-2 og 9; Robberstad 1923: 22 og 31, jf. NgL II: 240 og 241. Men i fyrste setning i VI-2 er «menn» her omsett med «folk».

⁵ Til dømes Eldre Gulatingslov kap. 88 og 169; Robberstad 1981: 116 og 182, jf. NgL I: 43 og 64. Vi ser likevel at kvinnene sine rettar og plikter etter Gulatingslova har valda Robberstad hovudbry. Då han omsette Gulatingslova i 1937, forstod han kapittel 47, som seier at ei kvinne kan overlate *sókn* og *vørn* til ein mann, slik at dette gjaldt søksmålsretten, retten til å krevje at ei sak kom opp til doms, men ikkje sjølve sakførsla. Men *sókn* er ordet for 'det å føre ei sak' og *vørn* for 'det å forsvare ei sak'. Då Robberstad seinare skreiv den store artikkelen "Rettergang" i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* har han kome til at "Ei kvinne som står aleine, kan føre sine søksmål sjølv, men ho har rett til å taka ein fullmektig til sakførsla" (1969: 32).

⁶ Sjå til dømes Frostatingslova II-1 og 2, og XIII-25; Hagland og Sandnes 1994: 16 og 17, og 199, jf. NgL I: 130 og 131, og 247.

⁷ Sjå til dømes Bjarkøyretten kap. 4 og 20; Hagland og Sandnes 1997: 40 og 45, jf. NgL 1: 303 og 317 (kap. 65).

for enkelt grip til den enklaste og tradisjonelle omsetjinga av *maðr* sjølv om vi veit at det semantiske innhaldet i ordet har forskyve seg frå norrøn tid til i dag.

Går ein derimot inn i kvar einskild regel i Landslova av 1274 der *maðr* er nytta, viser det seg til dømes at i rundt 75 prosent av tilfella refererer termen til både menn og kvinner, og i rundt 5 prosent faktisk berre til kvinner.⁸ Det som ved fyrste augnekast ser ut som ei lov mynta på eit mannsdominert samfunn, vert dermed ei lov for eit samfunn der både menn og kvinner er tydelege aktørar i rettslivet.

Ei anna årsak til at ein har oversett kvinnene i det norske rettslivet i mellomalderen, er at det har mangla evne og vilje å sjå dei trass tydeleg tekst. Dette har vi fleire døme på frå diplomaterialet. Til dømes heiter det i samandraget til eit mellomalderbrev, publisert i bind VI av *Diplomatarium Norvegicum* i 1864:

Sigurd, Hafthor Thoressöns Lensmand (i Gudbrandsdalen), kundgjör, at han optog 12 Mænds Vidnesbyrd om, at Sigurd og Ingerid bleve gifte för Lovförändringen, medens endnu de gamle Love galt, og at Erling paa Bryn var stevnet til at paahøre samme.

I utdraget frå sjølve teksten i mellomalderbrevet frå 1333 står det:

Eptir þet tok ek xii mannæ vitni baro þessær xii men vitni firir mer Halstein Audvnr son Haluadr Juærs son Alfuer Saxsæ son Agmundr Sigurdr son Gudormr Eigill son ok Eillingr brodr hans Þorkiel Þorbiænnar son *Asæ Halkiells dotter Haldoræ Niculasæ dotter Þoræ Ingjalsz dotter Rangdid Ormsdotter Rangdid Godena dotter.*

svoro þessær fyr nefdr men at þau komo saman j fonnom lagum ok firir laga briging Sigurdr ok Ingirid þeima monnum hia verandom er ek tok þetta skillriki Þorde preste a Breidini Gudorme Lafranz syni logretto manne Pale Liosz syni ok margum adrum godom mannum.⁹

(Etter det tok eg opp 12 menns vitne. Desse 12 personane bar fram vitnemål for meg: Hallstein Audunsson, Hallvard Ivarsson, Alv Sakseson, Ogmund Sigurds-son, Gudmund Egilsson og Elling, bror hans, Torkjell Torbjørnsson, *Åsa Hallkjellsdotter, Halldora Nikolasdotter, Tora Ingjaldsdotter, Ragndid Ormsdotter, Ragndid Godinadotter.* Desse førnemnde personane svor at Sigurd og Ingerid vart

⁸ Sjå Laske, Mundal og Sunde (under utgjeving).

⁹ DN VI-143 (07.10.1333) (vår kursivering).

gifte då gammal lov gjaldt og før lovendringa. Med desse personane til stades tok eg opp dette provet, Tord prest på Breidin, Guttorm Lavransson lagrettemann, Pål Ljotsson og mange andre gode menn / mykje anna godt folk.)

Av dei 12 mennene som utgjevarane finn i diplommet, er altså fem av dei kvinner. Her er det ikkje mogeleg å skulde på manglande språkforståing, berre på manglande vilje til å formidle det som opplagt følgjer av teksten. Dei 'gode menn' som er nemnde i slutten av sitatet, har tradisjonelt vore tolka som 'menn', men også her må ein sjå på konteksten. Brevet skildrar ei folkeforsamling der nesten halvparten av vitna som er nemnde, er kvinner. Det finst ingen grunn til å tru at dei fem kvinnene som var vitne, var dei einaste kvinnene i forsamlinga. Å forstå dei *góðir menn* som er til stades, som 'godt folk' er difor mest sannsynleg det beste i dette tilfellet.¹⁰

I denne artikkelen skal vi sjå etter kvinner i mellomalderkjeldene. I fyrste del skal vi sjå korleis dei står fram i mellomalderlovene når vi tek som utgangspunkt at *maðr*, med fleirtalsforma *menn*, primært tyder 'menneske' og ikkje 'mann'. I andre del skal vi sjå at sjølv når vi les *maðr* som 'menneske', så får vi likevel ikkje fullt ut eit korrekt bilete av kvinnene sin plass i rettslivet i mellomalderen. For dersom vi ser på kvinner i mellomalderdiplom, ser vi at dei ikkje berre kunne sitje med og disponere eigedom, og opptre i rettssaker som saksøkjær og vitne, men at dei kunne ha ei enno meir sjølvstendig rolle. Det er grunn til å tru at høg sosial status ville gjere det lettare for kvinner å spele ei rolle i samfunnslivet. Forsking på den rolla nokre norske adelskvinner kunne få i det politiske livet, til og med når det gjaldt område som krig og piratverks- emd, tyder på det.¹¹ Dei kvinneroller vi har sett på i norske diplom, fangar opp kvinner frå eit breiare spekter i samfunnet, sjølv om vi ikkje i alle høve kan plassere dei sosialt.

Vi gjer ikkje krav på å gje eit fullstendig bilete korkje når det gjeld lovene eller diploma. Vi har, saman med Caroline Laske, gått gjennom dei over 400 gonger *maðr* er brukt i Landslova, slik lova står i den tekstkritiske utgåva av Magnus Rindal og Bjørg Dale Spørck frå 2018.¹² Vi har ikkje gjort ei tilsvarande nærlesing av andre mellomalderlover, men har konstatert gjennom stikkprøvar at vi finn det same mønsteret i dei (sjå note 8). Det same gjeld undersøkinga av rettspraksis, slik vi finn den i mellomalderdiploma som er publiserte i *Diplomatarium Norvegicum*. Vi har ikkje funne

¹⁰ Eit sikkert døme på at også kvinner er rekna med mellom '*góðir menn*' finn vi i innleiinga til Mariajartegnet "Bondi ok husfru ætludu heingia sik": *I nockurum stad var bondi ok husfru hans, bædi godir menn ok trufastir*,... (Det var ein bonde ein stad og kona hans, begge gode menneske og faste i trua,...). *Mariu saga* (1871) s. 969.

¹¹ Sjå t.d. Wærdahl 2019.

¹² Kong Magnus Håkonssons Lagabøtes landslov 2018.

noko godt søkjekriterium for å finne kvinner som spelar ei aktiv rolle i rettslivet.¹³ Døma vi brukar, har vi henta frå søk på ombodsmenn og vitne i rettstvistar i mellomalderen.¹⁴ Unnataket er rettsområdet pant. Her har vi søkt opp alle diplom som gjeld pant av eigedom, og sett kor stor rolle kvinner spela i samband med slike eigedomstransaksjonar. Artikkelen må likevel lesast som ei påpeiking av eit forskingsbehov, meir enn som stetting av dette behovet.

Kvinner i norske mellomalderlover

Det finst mange døme på at kvinner var meir synleg til stades både i språket generelt og i lovspråket enn det lesarar i dag gjerne ser ved fyrste augnekast. Vi ser fyrst på eit døme frå Frostatingslova IX-4, der det er tydeleg sagt at lova gjeld kvinner, men vi skal likevel merke oss at kvinna også er omtalt som *maðr*.

Kona má gefa .iij. sinnum arf sinn, oc halda hit þriðja sinni, en eigi má gefa nema heill maðr se.¹⁵

(Ei kvinne kan gje bort arven sin tre gonger, og det må haldast den tredje gongen, men ein kan ikkje gje [bort] utan ein er frisk *maðr*.)

I Eldre Gulatingslov har vi eit døme på forbod mot barnemishandling. Her kan det vere vanskelegare straks å få augo på kvinna:

ef madr misfær med barne sino skadandi til lifs eða lima at vilja sinum. þa eru þau utleg oc vptœct alt fe þeira...¹⁶

(Om nokon skadar /mishandlar barnet sitt med vilje slik at det står i fare for å tape liv eller lemmer, då skal dei vere utlæge og all eigedomen deira er forbroten.)

Her kan det ved fyrste augnekast sjå ut som det berre er far som er mistenkt, men ved nærmare ettersyn ser vi at den *maðr* som er mistenkt, like gjerne kan vere mor som far. Det som avslørar at mor også er mistenkt, er forma på pronomenet, *þau*.

¹³ Vi har søkt i den elektroniske utgåva av Diplomatarium Norvegicum: https://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html

¹⁴ Det er søkt på “umbsm*”, “vmbsm*” og “wmbds*”, og på “vitn*”, “uitn*” og “witrn*.”

¹⁵ Der det her og seinare er sitert frå, eller vist til kapittel i Frostatingslova, er det vist til utgåva i NgL I, om ikkje anna er sagt.

¹⁶ Teksten står i eit fragment som er prenta i NgL IV: 19.

Dette er nøytrumsforma av pronomenet *þeir* (dei), og nøytrumsforma vert brukt når pronomenet peikar tilbake på ei gruppe av menneske som består av begge kjønn. Konteksten viser at det er peikt på mor.

I nokre tilfelle går det fram av konteksten at *maðr* like gjerne kan vere kvinne som mann, som i Eldre Bjarkøyrett (bylova for Trondheim), kap. 69:

Ef maðr blótar á heiðnar vættir. eða ferr hann med spásögur eða med görningum. sá maðr er því hlýðir ok þann mann húsar til þess. hann er svá útlægr sem manns bani. En ef hann dular. beri karlmaðr iárn fyrir. en kona taki í ketil.¹⁷

(om nokon blotar til heidne vette eller fer med spådomar eller trolldom, og den som høyrer på slikt, og den som held hus til dette, er like utlæg som ein drapsmann. Og om han /dette mennesket løyner dette, skal ein karmann bere jarn (for å fri seg) og ei kvinne ta i kjele (ta opp ein gjenstand frå botnen av ein kjele med kokande vatn.)

Her kjem det fram at *maðr*, også pronomenet *hann* (som peikar tilbake på *maðr*), kan stå for kvinne. Det ser vi her av konteksten som presiserer kva straffa er for kvinne og for mann.

Endå vanskelegare å sjå at ein lovregel også gjeld kvinner, har vi t.d. Landslova VII-56:¹⁸

Nú skal hverr maðr þingi ráða, er þings þykkist þurfa.

(No skal ein kvar råde for ting som synest å trenge ting.) [Råde for ting vil her seie å ha rett til å kalle inn tinget.]

Sjølv om vi har sett at *maðr* ofte kan stå for kvinne, så vil ein kanskje tru at tinget er mannens arena. Men at *hverr maðr*, som dei fleste utan å tenkje seg om ville omsetje med “ein kvar mann” også kan vere ei kvinne, er lett å oversjå. Forma *hverr* er maskulin form av pronomenet, men forma rettar seg etter det grammatiske kjønnnet på ordet *maðr*. Eldre Gulatingslov kap. 131 har formuleringa “Nu scal hverr þingi ráða

¹⁷ Der det her og seinare er sitert frå eller vist til kapittel i Eldre Bjarkøyrett, er det vist til utgåva i NgL I, om ikkje anna er sagt.

¹⁸ Der det her og seinare er sitert frå eller vist til kapittel i Landslova, er det vist til *Magnus Lagabøtes landslov* 2024, red. Rindal, om ikkje anna er sagt.

er þings þyckizt þurfa”,¹⁹ altså med *maðr* utelate. Det same finn vi også i mange handskrifter av Landslova.²⁰ Her ser vi at pronomenet *hverr* (i eitt tilfelle i Landslova *sá*) rettar seg etter det grammatiske kjønnet til ordet *maðr*, som er underforstått. Der maskuline former av eit pronomen vert ståande áleine, vert det i alle fall ikkje lettare å sjå kvinna som har rett til å kalle inn ting. Men at kvinner hadde denne retten, veit vi fordi vi har heilt klare døme i norske lover på at kvinner kallar saman ting. Dette kjem vi tilbake til.

Vi skal også sjå at ei kvinne kan omtalast som både *maðr* og *bóndi*. Eit godt døme på dette har vi i Frostatingslova VII-8:

Ef menn hafa manntals þing sitt. þá sculo allir böendr til koma bæði lendr menn oc ármenn oc konor þær er einar búasc búi fyrir nauðsynialaust.

(Om folk har manntalstinget sitt, då skal alle kome til [tinget] både lendmenn og ármenn og alle dei kvinner som styrer gard áleine forfallslaust.)

I den flokken av menneske som er omtalte som *menn*, er altså kvinner som styrer gard, inkluderte, ho er *bóndi*, *húsbóndi*, fordi ho har høgst status i hushaldet. *Bóndi* er også eit ord som har fleire tydingar som kan inkludere kvinner. *Bóndi* er ei lovdefinert sosial gruppe som har høgare status i samfunnet enn dei som var etterkomarar av trælur, men lågare status enn odelsbonden (haudden). Bondestatus hadde både bonden sjølv, kona hans og sønene og døtrene hans. Den primære tydinga til *bóndi* eller *búandi* er ‘ein som bur, er bufast’. *Bændr*, fleirtal av *bóndi*, kan difor også brukast på ein måte som inkluderer alle i eit bygdefellesskap. Her ser vi at *bændr*, kanskje litt uventa, inkluderer også kongens menn som er i bygda, og sjølv sagt er kvinner inkluderte. Så kan endeleg *bóndi* tyde ‘ektemann’, og det er den einaste av tydingane av ordet som ekskluderer kvinner.

I ein del tilfelle har vi eit formelaktig tillegg til sjølve lovregelen som presiserer at lova gjeld både for kvinner og menn, t.d. *Jafnt kona sem karlmaðr* (like mykje kvinne som mann), *svá kona sem karlmaðr* (så kvinne som mann), *bæði kona ok karlmaðr* (både kvinne og mann), og fleire. Vi kan sjå på Nyare Bylov VI-2:

¹⁹ Der det her og seinare er sitert frå eller vist til kapittel i Eldre Gulatingslov, er det vist til utgåva i NgL I, om ikkje anna er sagt.

²⁰ Sjå *Kong Magnus Hákonsson Lagabøtes landslov* 2018, red. Rindal og Spørck, del II, s. 808, note 6187 og 6188.

Nu ef druknir men ganga um bæ varn innan. oc hitta varðmen a þa. þa scal retlæiða þa en æigi rangt. huart sem ero konor eða karllar.²¹

(No, om fulle folk går omkring inne i byen vår, og vektarane møter på dei, då skal dei vise dei på rett veg, og ikkje villeie dei, anten det er kvinner eller menn.)

Dei norske mellomalderlovene har meir av slike presiseringar av at lova gjeld både for kvinner og menn enn dei andre nordiske lovene. I det siste dømet frå Bylova kan kanskje grunnen til presiseringa vere at heller ikkje folk i mellomalderen straks tenkte på kvinner når det gjaldt lover om fyll og spetakkel. Presiseringane av denne typen kan kanskje også vere sette inn for å skape ein tilsikta lovstil ved hjelp av det formelaktige språket. Men vi kan i alle fall slå fast at presiseringane av at lova gjeld både kvinner og menn, viser eit klart medvit om dette forholdet. Desse døma viser oss også at vi må lese lovene, og andre norrøne kjelder, med eit vake blikk når vi leitar etter kvinnene, for dei kan vere gøymde bak ord som *maðr* og *bónði*, til og med når eit slikt ord er underforstått.

Vi skal så kort sjå på stillinga til kvinnene i norske lover i mellomalderen, både i landskapslovene og i Landslova. Dei rettar og plikter kvinner har etter Landslova, er dei vi kan vente, eller håpe, å finne att i diplomaterialet, som stort sett er yngre enn Landslova og som vil reflektere korleis lova er brukt. Det fanst store skilnader mellom kvinnene sine rettar etter lovene innanfor Norden, og det fanst også nokre skilnader mellom dei norske lagdøma i tida før Landslova.²²

Det har ofte vore sagt at kvinna sitt domene var *innan stokks*, dvs. i huset, medan mannen var den som representerte familien i det vidare samfunnet. Det er berre delvis sant. Vi skal no fyrst sjå på kva roller kvinner kan ha i det offentlege rommet og deretter på den økonomiske stillinga til kvinnene som også var svært viktig for i kva grad dei kunne vise seg som handlande menneske.

På nokre viktige felt var kvinnene sine sjansar til å spele ei rolle i det offentlege rommet avhengig av den status ho hadde i familien. Det var mannen, husbonden, som var den som hadde høgst status i heimen, men husfrua var nummer 2. Dette går fram når vi held saman formuleringane i fleire lover som t.d. Eldre Eidsivatings kristenrett og Landslova.²³ Om ektemannen døydd, ville enkja verte den med høgst

²¹ Der det her og seinare er sitert frå eller vist til kapittel i Nyare Bylov, er det vist til utgåva i NgL II, om ikkje anna er sagt.

²² Sjå Tveit, Korpiola, Mundal og Vogt 2022.

²³ Der det her og seinare er sitert frå eller vist til kapittel i Eldre Eidsivatings kristenrett, er det vist til utgåva i NgL I, om ikkje anna er sagt. Eldre Eidsivatings kristenrett I 10 seier at bodstikka skal berast til den som "bestir er a bæ" (som er den fremste på garden). Landslova

status i hushaldet. Om ei einsleg kvinne styrte gard, ville ho også vere den med høgst status i heimen. Sjansane til å vise seg som ein handlande person, ville også vere avhengig av kva grad av “myndigheit” ei kvinne oppnådde. I norrøn tid var det ikkje slik at ein var myndig eller umyndig. Både kvinner og menn kunne oppnå ulike grader av myndigheit, som var knytte til ulike aldersgrenser, – men også kva sosial gruppe ein høyrde til (træl, løysing, bonde, hauld), og kjønnet kunne spele ei rolle. Trælen oppnådde ingen grad av myndigheit, og kvinnene sin sjanse til handle, ville verte avgrensa om ho hadde ektemann, far eller bror som hadde rett til, eller som ein venta, skulle handle, eller ta avgjerder, på hennar vegner. Den viktige aldersgrensa sett i forhold til myndigheit var den lova såg som overgang til å verte *fulltíði* (fullvaksen, brukt om menn) og *fulltíða* (fullvaksen, brukt om kvinne) som var 15 år før Landslova, 20 år i Landslova. Dessutan vart ein myndig om ein inngjekk ekteskap, også under denne grensa.

Om ei gift kvinne vart enkje, ville ho rykkje opp til å verte den med høgst status i heimen, og dette gav henne rett til å møte på tinget, om ho ville, når det gjaldt heradstinget, eller andre lokale ting. På dei store lagtinga som vedtok lover, var det representantar som var utpeikte av kongens menn, som møtte, og dei var nok menn. Denne retten til å møte på tinget har enkjer både etter landskapslovene og etter Landslova. Det faktum at det er overhovudet for hushaldet som møter på heradstinga, betyr nok at alle kvinner som styrer gard, kan møte på tinget. Heradstinget var eit ting som kunne felle dom, og i den tida ein styrte etter landskapslovene, også då Landslova vart gjeven, var det heile tinget som felte dom. Seinare vart det eit utval av tingforsamlinga, lagretten, som felte dom også på lokaltinga. Men medan heile tingforsamlinga felte dom, må vi rekne med at det fanst nokre kvinner i den dømande tingforsamlinga.

Som vi alt har sett døme på frå Frostatingslova, så har ei kvinne som er *ein fyrir sér*, som i den aktuelle samanhengen vil seie at ho styrer gard åleine, ikkje berre rett, men plikt til å møte på manntalstinget.²⁴ Manntalstinget var knytt til leidangsordninga og leidangsskatten, som etter landskapslovene var ein skatt utrekna etter talet på personar i eit hushald på eit gardsbruk. Derfor var det viktig at manntalet til ei kvar tid var rett, og derfor måtte alle hushald møte for å gjere greie for kor mange dei hadde å betale skatt for.

VII-54 slår fast at dersom bonden ikkje er heime, skal husfrua ta mot bodstikka.

²⁴ At ei kvinne er *ein fyrir sér* ser ut til å vere forstått ganske pragmatisk i lovene. Det kan brukast om kvinner som står åleine, t.d. om den som er overhovudet for eit hushald, om kvinne som ikkje har nære mannlege slektningar, også kvinner som har mannlege slektningar, men som ikkje tek seg av dei, ser ut til å få status som kvinner som er *ein fyrir sér*, og som dermed får rett til å råde over seg sjølve, sjå Frostatingslova XI-17.

Vi ser av lovene at kvinner også hadde rett til å kalle inn ting. Etter Eldre Gulatingslov kap. 151 var det enkja som skulle skjere opp pilbodstikke og kalle saman drapstinget. Dette var eit ting som straks skulle kallast saman på den staden der nokon hadde vorte drepen. Enkja kunne også avgjere om det kunne fellast dom i saka der og då, eller om saka skulle opp på det ordinære tinget. Etter Frostatingslova var det arvingen, ikkje enkja, som hadde ansvaret for å få dom i saka etter at ein mann var drepen, og det er reglane frå Frostatingslova som vert førte vidare i Landslova IV-11.²⁵

Det fanst også tilfelle der ei kvinne kunne kalle saman ting utan å vere overhovud for hushaldet. Etter Eldre Borgartings kristenrett II 9 kan ei kvinne som er skild frå ektemannen, kalle inn heradstinget og krevje at tinget tildømer henne det jordegodset som ektemannen har lovt henne som tilgåve i festeavtalen, om ho har seks vitne på det. Ho kan velje om ho vil kalle saman tinget framfor huset til den tidlegare ektemannen eller på den vanlege tingstaden. I Landslova er retten til skilsmisse fjerna, og det vart vanskelegare for kvinner å få ut godset sitt frå den tidlegare ektemaken om ho flytta frå han. Tilgåva ville ho ikkje ha rett på, og om ho hadde gått frå ektemaken "utan grunn", ville han også ha rett til å sitje med heimanfylgja hennar. Men om mannen kom med usanne skuldingar om utruskap mot kona for å kunne halde på heimanfylgja hennar, ville ho ha rett på heimanfylgja si.²⁶ Om ho eventuelt, som etter eldre rett, kunne kalle saman tinget for å få dom på mannen, går ikkje fram av lova.

Kvinner har etter norske mellomalderlover også rett til å føre sak på tinget. Kvinna som kalla inn drapstinget og avgjorde om det skulle fellast dom i saka der og då, var mest truleg også den som førte saka, kvinna som kalla inn heradstinget og førte fram vitna sine på at ho hadde fått jordegods i tilgåve, var truleg også den som førte saka mot den tidlegare ektemannen. Eldre Gulatingslov kap. 47 har ein tekst som er opp-

²⁵ Det kan sjå ut som kvinnene hadde ei særleg sterk stilling innanfor Gulatings lagdøme. Etter eit fragment av Eldre Gulatingslov, som er prenta i NgL IV, er det kone, mor, dotter og syster, som skal *skilja víg*, om ein mann er drepen og ho har sett det frå husa der ho har tilhald, eller har vore på reise saman med han, sjå NgL IV: 7). Dette gav desse kvinnene ganske stor makt over den følgjande rettsprosessen, for den som skulle *skilja víg* gjorde greie for omstenda kring eit drap som kunne få følgjer for domen. Fragmentet i NgL IV er ungt, men ser ut til å byggje på eit gammalt handskrift. Lovregelen finst ikkje nokon annan stad, og kan ha gått ut fordi han kom i konflikt med tankar om habilitet. Etter Eldre Gulatingslov kap. 266 kan husfrua også *festa dómr* (godta dei oppnemnde domarane og love å godta den domen dei feller) dersom det ikkje finst frie menn på garden. Her sit det tydelegvis langt inne å gje ei kvinne ei slik rolle i rettsvesenet, sidan alle frie menn på garden vil gå før henne, men ho kan få ei slik viktig rolle i rettsprosessen. Om å *skilja víg* og *festa dómr* sjå Mundal 2020b: 223 og 232–236.

²⁶ Sjå Landslova V-5.

lysande når det gjeld kvinners rett til å føre sak og å forsvare seg i retten. Her står det at ei kvinne som er *ein fyrir sér*, det vil her seie at ho ikkje har far eller bror som normalt ville vere den som førte saka, ho kan overlate både *sókn* og *vörn* (søksmål og forsvar) til ein mann. Ein kan ikkje overlate til nokon noko ein ikkje har, og det vil seie at kvinner som står åleine, har rett til å føre sak sjølv og til å forsvare seg sjølv – men ho kan om ho vil, skaffe seg ein ombodsmann, ein som handlar på hennar vegner. Ein tilsvarande regel har vi også i Eldre Bjarkøyrett kap. 99. Eldre Bjarkøyrett kap. 96 seier at ei kvinne som er valdteken, skal føre sak mot valdtektsmannen saman med friendane sine. Det finst eit unntak i lovene når det gjeld kvinners rett til å føre sak, det er saker som gjeld odel.

Landslova nemner ikkje kvinners rett til å føre sak, men mest sannsynleg gjeld gammal lov så lenge ho ikkje er oppheva av ny lov. Det finst i alle fall ikkje noko forbod mot at kvinner fører sak, slik det t.d. finst i dei islandske fristatslovene, Grágás.

Etter norske lover kunne kvinner også vere vitne og dei kunne sverje eid, i nokre samanhengar er det ein samanheng mellom å gje vitnemål og sverje eid. Om ikkje andre vitne fanst, kunne faktisk barn ned til 8 år gje vitnemål, også træl- og træl-kvinner. Det har vi døme på i Frostatingslova IV-5. Dette gjeld eit tilfelle der nokon er overfallen og drepen i heimen sin. At ei fri kvinne kan vere vitne i dette tilfellet, er så sjølvstykke at fri kvinne og fri mann er nemnde under eitt som *frjáls maðr* (fritt menneske), dei er altså likestilte som vitne. Lovene presiserer også fleire stader at både menn og kvinner kan vitne, t.d. i Eldre Borgartings kristenrett II 14, her vitne til kven ei fødande kvinne har oppgitt som barnefar.²⁷ Nyare Borgartings kristenrett kap. 3 reknar med at desse vitna er kvinner. Frostatingslova IX-1 understrekar at både menn og kvinner kan vere vitne til ættleiing. Dei som var til stades ved festarmål og bryllaup vert rekna som vitne til festeavtalen, her veit vi at både kvinner og menn var til stades. I ei rettarbot frå 1313 er det sagt at openberre horer heretter ikkje skal vere vitne, særleg i alvorlege saker.²⁸ Det seier ganske klart at alle andre kvinner kan vere vitne i alle saker.

Det fanst fleire slags eidar i det norrøne samfunnet. Ein vanleg eid var nektings-eiden. Då nekta nokon å ha gjort det ein var skulda for, og så måtte ein ha medeids-menn som sanna at dei trudde at den som avla nektingseid, snakka sant. Her vart hovudregelen fastslegen i ei rettarbot i 1313, og den var at menn avla nektingseid med mann og kvinner med kvinne. Om det ikkje fanst nok menn til å sverje eid med ein

²⁷ Der det her og seinare er sitert frå eller vist til kapittel i Eldre Borgartings kristenrett, er det vist til utgåva i NgL I, om ikkje anna er sagt.

²⁸ NgL III: 100.

mann, kunne kvinner gå inn, og omvendt.²⁹ Eldre lover tyder på at dette også har vore praksis tidlegare. I Eldre Gulatingslov kap. 28 og Eldre Borgartings kristenrett I 16 skal medeidsmennene for ei som er skulda for trolldom, vere kvinner. Etter Eldre Eidsivatings kristenrett I 42 kan medeidsmennene i ei slik sak vere menn eller kvinner. Også i eit tilfelle der ei kvinne er skulda for barnedrap etter Eldre Eidsivatings kristenrett I 27, er medeidsmennene kvinner.

Vi har ei formulering i ein del lover, *halda orði ok eiði fyrir* nokon, som tyder med ord og eid å svare for ein annans handlemåte, og her er det husbonden som avlegg eid på vegner av nokon i hushaldet. Dette har gitt grunn til å stille spørsmålet om husbonden gjer eid på vegner av kone og vaksen dotter. Men av konteksten der vi finn dette uttrykket brukt, t.d. i Eldre Gulatingslov kap. 43 og Frostatingslova II-2 og X-40, går det ganske klart fram at det gjeld tenestefolk, trælær, eventuelt umyndige, som har gjort noko gale i det dei har utført arbeid som husbonden har arbeidsansvar for. Husbondens kone og vaksne dotter var fullt ut strafferettsleg ansvarlege, og dei svor om nødvendig sjølve. Etter Frostatingslova II-2 skal t.d. ei kvinne som har født eit dødfødt barn, sverje på at det var dødfødt om ho vert mistenkt for barnedrap. Om nokon hevdar at han var fullvaksen og ikkje vart trudd, skal mor etter Frostatingslova IX-26 sverje på at han talar sant, for å nemne eit par eksempel.

Kvinna si økonomiske stilling hadde også mykje å seie for den fridomen ho hadde til å handle sjølv. I tida før Landslova hadde ikkje døtrer arverett dersom dei hadde brør. Men ei dotter som ikkje hadde brør, tok arv som om ho var son, og tok ein sons plass både i arverekka og i bøtesystemet. Ei slik kvinne var kalla *baugrýgr* etter Eldre Gulatingslova kap. 275 og Frostatingslova VI-4, og betalte og tok mot bøter som ein son. At kvinner som hadde brør, ikkje fekk arv, vil ikkje seie at dei stod på berr bakke. Døtrer fekk heimanfylgje, som vil seie medgift, når dei gifte seg, og denne kunne vere stor. Dessutan fekk bruda det vi kallar tilgåve frå brudgomen. Denne fekk ho ikkje utbetalt før mannen eventuelt døde. I tida før skilsmisseretten fall bort, kunne kvinna også få utbetalt tilgåva om det var klart at mannen hadde gjeve henne skilsmissegrunn.³⁰ Tilgåva vart ståande som eit pant kvinna hadde i mannens eigedom. I Gulating ser tilgåva ut til å vere av same storleik som heimanfylgja, i Frostating halvdelen av heimanfylgja. Dette vil seie at kvinner i det dei gifte seg, kanskje kunne ha like mykje eigedom som mannen, men av seinare inntekter, ville to tredjedelar gå til mannen, og han ville ta mot arv, noko kvinner som hadde brør, ikkje ville få. Den gifte kvinna sin rett til å råde over den eigedomen ho hadde, var derimot avgrensa. Det var berre ein liten sum av pengar kvinner kunne bruke utan løyve frå

²⁹ NgL III: 100.

³⁰ Sjå Eldre Gulatingslov kap. 54.

mannen. Det var ektemannen som rådde for det felles godset deira. Men han kunne *ikkje* bruke det som han ville, formuleringane i lovene, Eldre Gulatingslov kap. 52 og Landslova V-3, går ut på at han skulle bruke godset deira til felles beste. Om han sette kona sitt gods over styr, var det truleg skilsmissegrunn så lenge kvinner hadde skilsmisserett, og seinare kunne det gje grunn til konflikt.

Vilkåret for å få heimanfylgje var at kvinna var lydig mot giftingsmannen og gifte seg med ein som han godtok— giftingsmannen var far, bror om far var død, og deretter farbrør; i Frostatingslova og i Landslova kjem også mor inn som giftingsmann.³¹ Ei kvinne kunne inngå lovleg ekteskap utan lov frå giftingsmannen. I tida før kanonisk rett slo gjennom og ekteskapet vart sett på som eit sakrament, var det einaste som skulle til for å gjere eit ekteskap gyldig at brudgommen gav *mundr* (minstesum 12 øyre) til bruda, og at dei gjorde ekteskapsavtale med vitne til stades. Dette gjeld særleg Eldre Gulatingslov, for i Frostatingslova er dette ikkje like klart uttrykt. Eldre Gulatingslov kap. 125 opnar også for at eit par, til dømes nokon som var for fattige til at det vart betalt *mundr* på 12 øyre, kunne leve saman som ektefolk utan samtykke frå giftingsmannen. Etter 20 år fekk samlivet status som ekteskap, borna fekk arverett, og lova slo egedomen til mannen og kvinna saman i felag (sameige) etter reglane i Eldre Gulatingslov kap. 53 som for andre ektefolk. Når vi kjem til Landslova er det ikkje lenger *mundr* som gjer ekteskapet gyldig, men samtykke frå begge partane i samsvar med kanonisk rett. Kvinner kan inngå lovleg ekteskap utan løyve frå giftingsmannen, men vert økonomisk straffa. Landslova innfører arverett for døtrer, halv arv av det brørne får.³² Om ei kvinne gifter seg mot giftingmannens vilje, risikerer ho å måtte gje avkall på framtidig arv. Å gje avkall på heimanfylgje, og seinare arv, var eit så sterkt pressmiddel at det er grunn til å tru at få kvinner valde å gifte seg mot giftingsmannens vilje. Men det fanst også kvinner som hadde større råderett over eige liv og kunne gifte seg sjølve fordi dei hadde egedom. Dette gjaldt enkjer.³³ Etter Frostatingslova XI-18 og Nyare Borgartings kristenrett kap. 26 får også kvinner som har motteke arv, rett til å gifte seg sjølve — med råd frå frendar.³⁴ Denne nye regelen var truleg svært omstridd, og finst berre i eit lite fåtal av handskriftene til Landslova, men vi ser at eigne midlar gjev handlingsrom. Også i det tilfellet giftings-

³¹ Frostatingslova XI-2 og Landslova V-1.

³² Landslova V-7.

³³ Sjå t.d. Eldre Gulatingslov kap. 52; Frostatingslova XI-4, Landslova V-2.

³⁴ Járnsíða, den fyrste norske lova for Island, kap. 52, har også denne regelen, men Járnsíða byggjer på ei norsk lov, mest truleg det utkastet til Frostatingslov som vart avvist av erkebiskopen i 1269, sjå Mundal 2020a: 75–79, og regelen har følgt med frå det norske lovutkastet.

mannen ville gifte ei kvinne med ein som var av lågare byrd, eller nekte henne eit godt gifte, gjev Landslova kvinna rett til å gifte seg sjølv med råd frå andre frendar,

Sjølv om nokre kvinner kunne kome godt ut medan dei berre fekk heimanfylgje, førte innføringa av arverett for kvinner i Landslova til at alle kvinner vart betre sikra økonomisk, og søstrer vart sikra like mykje i arv. I tida før Landslova vart ugifte søstrer truleg gåande som billig arbeidskraft hos brør eller andre slektningar. At fleire kvinner med Landslova vert sikra eigedom, gjer at fleire kvinner hadde eigedom å forsvare, og det kan vi vente å sjå reflektert i diplommaterialaet.

Arverett for kvinner hadde vorte innført i dansk lov i tida før den norske Landslova. Dronninga til Magnus Lagabøter, Ingeborg, var dansk. Her kan det vere ein samanheng. Ingeborg var ei kvinne det kan vere interessant å sjå i samanheng med eit uttrykk som vi ofte møter i kjeldene, “kongens gode menn”, som i Landslova har vorte “dei beste menn”. Skal tru om dei alle var menn? Var ikkje Ingeborg, som etter kongens død var med i formyndarstyret for sonen Eirik, ein av “dei beste menn i landet”? Om ho hadde vore mann, hadde ho utan tvil vore rekna som ein av dei.

Kvinner si rettslege stilling i rettspraksis etter Landslova av 1274

Som i lovmaterialaet, tyder *maðr* med fleirtalsforma *menn* primært ‘menneske’ i det bevarte diplommaterialaet frå mellomalderen. Eit døme på det har vi frå ei sak frå 1330, der det vart ført “ii manna vitni”, nemleg Sunniva og Olov Erlingsdøtrer.³⁵ Eit anna døme har ein frå 1324, då Bård Håle, sira Sigvat og Rannveig møtte i saka og vart referert til som “fyrnæmdr men”.³⁶

I denne delen av artikkelen skal vi sjå på breidda i kva handlingar kvinner kunne gjere i den offentlege sfæren etter at Landslova kom i 1274. Vi har, som sagt i innleiinga, ikkje ein ambisjon om å vere fullstendige, men å vise døme på mangfaldet i roller. Unnataket er pant. Vi har gjennom elektronisk søk funne 55 dokument frå 1300-talet publisert i *Diplomatarium Norvegicum* som omhandlar pant av eigedom.³⁷ I desse dokumenta er kvinner den primære aktøren i 8 transaksjonar,³⁸ og kvinna medaktør i kraft av å vere ektefelle i 3 dokument,³⁹ samla 20% av pantedokumenta vi har funne frå 1300-talet. Dette kan takast som ein mogeleg indikasjon på at dei døma

³⁵ DN I-136 (29.05.1330), jf. DN IV-750.

³⁶ DN IV-159 (18.01.1324), jf. RN IV-267. Sjå òg til dømes DN VI-143 (07.10.1333).

³⁷ For å finne sakene har vi søkt i den digitaliserte versjonen av *Diplomatarium Norvegicum* på ved*, væd*, pant*, set* og sæt*: https://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html < sist opna 4. juni 2025 >

³⁸ DN I-356 (29.05.1358), II-409 (14.05.1370), III-499 (23.10.1391), III-493 (24.01.1391), IV-354 (18.11.1351), V-61 (15.04.1315), VI-82 (28.11.1309) og XI-72 (31.10.1385). I tillegg kjem DN XI-72 der ei abbedisse var hovudaktøren i transaksjonen.

vi peikar på nedanfor ikkje er tilfeldige, men del av ein tradisjon for kvinner som aktørar i det offentlege rom. Ein skal likevel merke seg at i fleirtalet av pantedokumenta er det menn som er hovudaktøren.

Det var heilt vanleg at kvinner var vitne og partar i rettssaker. Til dømes var Torgard og Astrid i 1332 "ii. manna vitni" på at Ingebjørg hadde gjeve sonen Guttorm som ombod å stemne svogeren hennar Ivar, Guttorm sin onkel, for å høyre vitnemål om at Ingebjørg sin avdøde mann, Tormod, hadde testamentert til henne delar av garden Rudi i Follo.⁴⁰ Det var Ingebjørg sin eigedom, det var difor ho som førte sak, men arbeidet med å stemne motparten overlèt ho til sonen, som fekk fullmakt av mora. Ingebjørg var altså ei myndig kvinne, både faktisk og rettsleg.

Alt etter eldre rett kunne kvinner sitje med eigedom, og må difor ha møtt på tinget som myndige personar slik Ingebjørg gjorde i 1332, jf. det som til dømes er sagt om *baugrýgr* i Eldre Gulatingslov og i Frostatingslova ovanfor. Men det at alle kvinner, på lik linje med menn, vart myndige ved fylte 20 år etter Landslova V-2, og at kvinner fekk arverett etter foreldra sine etter Landslova V-7, må ha medført at kvinner vart synlegare i det offentlege rom. Årsaka er at alle kvinner no fekk tilgang på eigedom, og kvinner som sit med eigedom, må ha same høve til å forsvare den rettsleg på tinget som menn. Som vi alt har sett, kunne kvinner med eigedom til og med ha plikt til å møte på tinget alt før Landslova. Men når kvinner fekk arverett sjølv om dei hadde brør, hadde det potensiale til å føre til auka kvinneleg deltaking på tinget gjennom fleire eigedomsinnehavande kvinner. Vi har ikkje bevart informasjonsrik rettspraksis frå før Landslova av 1274. Det er fyrst med Bleie-diplomet frå 1293, som gjeld ein tvist om fleire rettar og plikter mellom brukarane på garden Bleie i Hardanger, vi får innsyn i samtidig mellomaldersk rettspraksis.⁴¹ Men rettspraksis etter Landslova av 1274 viser at kvinner i alle fall hadde ei meir synleg stilling i samfunnet enn sjølv det som følgjer av lova. Ikkje minst fordi kvinner fekk ulike typar semi-offentlege verv. Vi må likevel ha i minnet at dei kvinnene som opptrer i diplomateriet, er normalt dei frå dei øvste laga av samfunnet.

Kvinner kunne òg ha segl som dei kunne bruke til å setje under rettsdokument for å bevisе sin autensitet. Ei slik kvinne var Cecilia Håkonsdotter, enkje etter Jon Assorson, som i 1392 gjorde ein avtale med Hallvard Hallvardsson om ein gard i Follo,

³⁹ DN II-349 (14.03.1359), IV-477 (22.02.1369) og V-130 (28.08.1339). Når ektemannen handlar på vegner av kona, har vi ikkje rekna henne som ein medaktør, sjølv om det kan hevdist at ho må ha gjeve ei føregåande tilsegn.

⁴⁰ DN III-165 (04.11.1332), jf. RN IV-908.

⁴¹ DN IV-6 (26.05.1293).

og sette åleine seglet sitt under avtalen.⁴² Det same gjorde enkja fru Kristin Nikulasdotter, som gav ut eit pantebrev i 1400,⁴³ og fru Gyrid Hallbjørnsdotter då ho i 1403 utbetalte arv til den avdøde ektemannen sine to arvingar, Åsa Håvardsdotter og Gudrun Eilivsdotter, og sette seglet sitt på kvitteringa.⁴⁴ Alle desse tre kvinnene var adelskvinner og enkjer. Men i 1336 var det tre kvinner mellom dei fem personane som sette sitt segl under eit vitnebrev om ei gåve,⁴⁵ og desse tre kvinnene var ikkje omtalte som verken aristokratar eller som enkjer.

Langt meir vanleg var det at kvinner vart valde til å sverje eid på tinget. Det kunne for det fyrste skje fordi kvinner var medsverjar. Medsverging som bevismiddel var viktig etter Landslova av 1274 fordi det ofte mangla sentrale bevis som tilståing, to vitne eller dokument. I slike situasjonar kunne nokon fri seg frå ei skulding med å sverje eid. Var det tale om ei mindre alvorleg sak, kunne ein sverje seg fri på eiga hand.⁴⁶ Men var det ei meir alvorleg sak, måtte mistenkte ha 2, 5 eller 11 medsverjarar,⁴⁷ som då til dømes Gunnhild Alvsdotter i 1397 avla eid på at ho ikkje var skuld i dødsfallet til Valtjov Torbjørnsson. Saman med henne svor 11 andre kvinner på hennar uskuld "med fullom bokar eid". Sju av kvinnene var oppnemnde av Gunnhild sjølv, medan dei fire siste truleg var oppnemnde av Sigmund Egilsson, som administrerte eidsavlegginga og skreiv provsbrevet.⁴⁸ Dette var heilt i tråd med slik vi har sett Landslova vart tolka i rettarbota frå 1313. Ein skal òg leggje merke til at dei medsverjande kvinnene i dette tilfellet er kalla "godar kuinnor". Der menneske, både kvinner og menn, men kanskje i særleg grad kvinner, er kalla 'gode', både i lovspråk og diplom, ser dette primært ut til å gå på eigenskapar meir enn sosial status.

Medsverjar måtte sverje på bok etter lova. Kvinner kunne òg sverje på bok som partsvitne. I ei sak frå 1400 svor fire vitne "a bog med fullum Eidstaf" i ei sak om ein fiskerett, administrert av lagmannen i Skien. Dei "fyre Manne Vidne" var Helge Eilivsson, Live Eilivsdotter, Olav Jonsson og Tord Rolvsson.⁴⁹ Her skal ein leggje merke til at Live Eilivsdotter ikkje berre var ei kvinne som avla eid på bok saman med dei tre mannlege vitna, men nemnt som det andre vitnet. Vitne vert i mellom-

⁴² DN IV-611 (23.09.1392), jf. RN VIII-158.

⁴³ DN I-570 (27.02.1400), jf. DN VIII-811.

⁴⁴ DN II-576 (23.05.1403), jf. RN VIII-1220.

⁴⁵ DN IV-227 (30.10.1336), jf. RN IV-1209.

⁴⁶ Landslova I-5 IX-16.

⁴⁷ Landslova IX-14, 15 og 16.

⁴⁸ DN XIII-51 (06.04.1397), jf. RN VIII-552.

⁴⁹ DN XXI-219 (25.11.1400), jf. RN VIII-888. og 6, IV-9, 10, 14, 20 og 25, V-1, 2, 3 og 5, VI-5 og 11, VII-11, 17, 34, 35, 37 og 62, VIII-5, 8 og 10, og

alderen nemnde etter sosial status, og Live sin sosiale status var altså høgre enn den sosiale statusen til dei to mennene som er nemnde etter henne som vitne. Det same ser ein til dømes av ei sak frå 1440.⁵⁰ I dette tilfellet gjaldt tvisten om ein gard var gjeven til presten Smid i Ragnhild si dødsstund eller ei. Ni særleg forstandige og rettvisе vitne (*ix skilrik vitne*)⁵¹ svor på bok at garden tilhøyrd nokon annan. Tre av vitna var kvinner og seks var menn, og dei tre kvinnene er nemnde før dei seks mennene. Det er uvisst om dei tre kvinnene stod over mennene i sosial status, eller om dei var meir forstandige og rettvisе. Men det er i alle fall verd å merke seg at av kvinnene vi har funne som operer som vitne, er det oftare kvinner opptrer som *skilrik* vitne enn i andre vitnekategoriar i det materialet vi har sett på i DN.⁵² Men berre meir inngåande og systematisk forskning kan seie om vårt materiale her er representativt.

Kvinner kunne altså ha ulike funksjonar på tinget, dei kunne vere medsverjarar, vitne som svor på bok og forstandige og rettvisе vitne ved sida av å vere ordinære vitne. Kvinner kunne òg ha ulike funksjonar i rettslege relasjonar mellom innbyggjarne. Ikkje minst kunne kvinner sitje med eigen eigedom. Til dømes testamenterte fehirden og baron Bjarne Audunsson i 1320 utan vidare store jordeigedomar til søstrene sine, Tove, Torgun og Åse.⁵³ Etter Landslova var det slik at det var ektemannen til ei gift kvinne som rådde over eigedomen hennar.⁵⁴ Men rådevelde gjaldt dagleg drift, og ikkje rett til å forvalte garden slik at det fekk konsekvensar for eigarskapen. Til dømes vart det reist sak etter krav frå kong Magnus 7. i 1332 fordi Eldrid Berdorsdotter hevda at Gudleik, ektemannen til brordotter hennar, hadde selt brordottera sin eigedom utan samtykke.⁵⁵ 1378 avgjorde kong Håkon 6. at Jørund Arnesson skulle stemnast fordi kona hans, Brynhild Sigurdsdotter, hevda at han hadde selt eigedomen hennar utan hennar samtykke.⁵⁶ Det at desse kvinnene fekk kongen til å gje ordre om rettssak, kan indikere at det ikkje utan vidare var lett å vinne fram i slike saker. Etter eit makeskifte i 1389 vart det derimot ikkje rettssak, fordi det vart gjort med samtykke frå begge menn sine koner: "þeir gerdo jarda skifti sin j millom med samþykkt ok iayrdi beggia kuenna sinna".⁵⁷ Men sjølv om det var mannen som

⁵⁰ DN II-739 (14.05.1440).

⁵¹ Ebbe Hertzberg, "Glossarium", *Norges gamle Love indtil 1387*, 5. bind, 1895: 569 (*skilrikr*).

⁵² Døme på kvinner som *skilrik* vitne har ein frå DN III-576 (14.03.1405), II-603 (27.10.1408) XV-48 (07.11.1412).

⁵³ DN XVI-2 (04..02.1320).

⁵⁴ Landslova V-2.

⁵⁵ DN III-163 (28.01.1332), jf. RN IV-861.

⁵⁶ DN II-453 (13.04.1378), jf. RN VII-726.

⁵⁷ DN I-512 (22.04.1389), jf. RN VII-1511. Sjå òg til dømes DN IV-694 (09.05.1399).

etter Landslova skulle stå for den daglege drifta for kona sin eigedom, så ser ein til dømes at landskyld for ein gard ved eitt høve vart betalt til Frida, som truleg eigde garden, og ved eit anna høve til dotter til Frida, og ikkje til Frida sin ektemann Peter.⁵⁸ Ein kan òg merke seg at kvinner kunne gjere eigedomstransaksjonar på eiga hand når dei var myndige, slik som Magreta Sveinsdotter, som i 1387 overførte ein eigedom til den umyndige Ragnhild Toresdotter.⁵⁹

Kvinner hadde ikkje berre rådevelde over eigen eigedom slik at den til dømes ikkje kunne seljast av ektemannen, dei kunne til og med stå fram som legitime drivarar av eigedomen gjennom å ta imot årleg leigeavgift, men kunne òg forvalte andre sin eigedom. Eit døme på dette har vi frå 1309, då Gyrid Andresdotter avla rekneskap etter å ha styrt den no avdøde nevøen Gregorius Andresson sitt gods medan han var på reise til Roma.⁶⁰ Vitne til rekneskapsavlegginga var 10 namngjevne personar, to av dei kvinner, som er nemnde som nummer seks og sju. Det er ikkje sagt i kva kapasitet Gyrid forvalta nevøen sin eigedom, for ho var ikkje nevøen sin ombodsmann, det var presten Erlend Styrkársson. Men vi finn kvinner som ombodsmenn ved fleire høve i mellomalderen. Til dømes vart Holmfrid Ånundsdotter tydelegvis myndig i 1366 (truleg fordi ho gifta seg), og vart same dag som ho gifta seg, ombodsmann for bror sin.⁶¹ Ho hadde altså ein ektemann, men det var ho som skulle råde for eigedomen til broren som framleis var under 20 år. I 1351 vart Ingebjørg Simonsdotter stemna til lagmannen i ei sak i eigenskap av å vere ombodsmann for barnet sitt.⁶²

Konklusjon

Dimplommaterialet viser at kvinner var synlege, rettslege aktørar, etter at Landslova av 1274 vart felles rett for dei fire norske lagdøma. Diploma viser det ein kunne vente, at kvinner med høg sosial status lettare fekk ei rolle å spele i rettsapparatet enn kvinner som stod lågare på rangstigen, dels fordi dei hadde meir å forsvare. Men vi ser også at ved sida av status kunne eit godt utgangspunkt for ei kvinne for å få ei rolle å spele på tinget vere at ho var ei *skilrík kona* (forstandig kvinne). Diplommaterialet viser at kvinner frå fleire lag i samfunnet kunne få roller å spele i ein rettsprosess. Granskinga av diploma stadfestar også resultata av nærlesinga av Landslova, som viser at *maðr* som utgangspunkt må lesast som menneske og ikkje som

⁵⁸ DN XI-29 (01.03.1342), jf. RN V-538. Sjå òg til dømes DN II-225 (30.09.1337).

⁵⁹ DN I-507 (17.03.1387), jf. RN VII-1363. Sjå òg til dømes DN VII-301 (31.01.1378).

⁶⁰ DN II-93 (06.02.1309), jf. RN III-550.

⁶¹ DN IV-457 (02.06.1366), jf. RN VI-1116.

⁶² DN I-325 (1325), jf. RN VI-23.

mann. Det finst døme på dette òg frå dei eldre norske mellomalderlovene. Det er difor all grunn til å nærlese dei for å sjå kva rettsleg stilling kvinner hadde etter norsk mellomalderrett før 1274. Og det er all grunn til å undersøkje diplomaterialet meir systematisk og inngåande med det same for augo.

Då Landslova vart omsett til dansk og utgjeven som Kristian 4.s norske lov i 1604, miste kvinnene den grada av myndigheit dei tidlegare hadde hatt etter norsk lov.⁶³ Hilde Sandvik har meir generelt,⁶⁴ og til dømes Monika Antun og Adele Haugland Strøm spesielt for Nordhordland,⁶⁵ har vist at lovendringa ikkje kom i vegen for at kvinner heldt fram med å oppføre seg som myndige på tinget. Dette viser at kvinner ikkje utan vidare vart umyndige med Kristian 4.s norske lov av 1604, og at den eldre tradisjonen ikkje så lett let seg endre.

English summary

The article addresses the lack of ability and willingness in Norwegian medieval research to recognize the position of women in Norwegian medieval sources. The core argument is that women were distinct actors in legal life, but have been traditionally overlooked, often due to linguistic evolution and translation biases.

One primary reason for this oversight is the Old Norse word *maðr*, with the plural form *menn*. While the primary meaning of *maðr* is 'human being', the word evolved to frequently signify 'man/male'. However, even in the medieval period, it still often meant 'human being' and could thus refer to a woman, and the plural *menn* could well include women, for example as when the prologue of Snorri's *Edda* refers to Adam and Eve as *menn tvá*.

Early translators of Norwegian medieval laws, such as Absalon Taranger (Landslova, 1915) and Knut Robberstad (Bylova, 1923; Gulatingslova, 1937), generally chose to translate *maðr* as 'man'. Even recent translations often follow this pattern. However, a closer examination of Magnus Lagabøter's Code of the Norwegian Realm of 1274 reveals a different reality: In about 75 percent of cases, the term *maðr* refers to both men and women, and in about 5 percent, it actually refers only to women. This re-evaluation shows the Code of 1274 as a law for a society where both men and women were clear legal actors.

The lack of willingness to see women is also evident in the diplomatic material. A diploma from 1333, which recorded the testimony of 12 people (*xii manna vitni*), was summarized in 1864 as "12 Mænds Vidnesbyrd" (12 Men's Testimony). The

⁶³ Kong Kristian den fjerdes Norske Lovbok af 1604 1853: 70 (IV-2).

⁶⁴ Sandvik 2002.

⁶⁵ Antun 1999 og Strøm 2016.

actual text, however, lists five named women among the 12 witnesses. This oversight is attributed not to a lack of language comprehension, but to a lack of will to convey what the text clearly states.

In medieval law, women were visible in several roles. Terms often included them, such as *bóndi* (householder). Women who managed a farm alone (*einarr búasc búí*) were considered *bóndi*, giving them the highest status in the household. These women had the right and duty to attend the census assembly (*mannatalstinget*). Furthermore, the Code of 1274 (VII-56) which granted *hverr maðr* (everyone) the right to call a public assembly may include women. This right is confirmed elsewhere, for example, in Older Gulathing Law, where the widow was responsible for convening the manslaughter assembly (*drapstinget*).

A woman's role in the public sphere depended on her status within the family. Widows achieved the highest status in the household and had the right to attend the local district assembly (*heradstinget*). A woman who was *ein fyrir sér* (managed a farm alone or stood alone) had the right to plead her own case and defend herself in court. Women were also equal to men as witnesses. In serious matters, women could swear a denial oath with co-swearers.

The Code of 1274 was highly significant for women's economic standing by introducing inheritance rights for daughters, receiving half the inheritance share of their brothers. This meant more women had property to defend legally. While women needed approval from the marriage overseer (*giptingarmaðr*) to receive their dowry, women who had already received property—like widows—had greater autonomy over their marriages.

Legal practice documented in diplomas after the Code of 1274 confirms women's active roles. A study of 14th-century mortgage documents showed women were actors in 20% of the transactions studied. Women could hold power of attorney, affix seals to legal documents, and serve as executors (*umboðsmenn*) for relatives or children. In witness testimony, women could be cited based on social status, sometimes even ahead of male witnesses, demonstrating their high standing. They frequently appear as *skilrík vitni* (righteous witnesses).

In conclusion, the research stresses that re-reading the sources with the assumption that *maðr* primarily means 'human being' reveals that women held a far more active and independent role in Norwegian medieval law than previously recognized. The findings emphasize the need for systematic research into the legal status of women in the pre-1274 medieval legal codes.

Bibliografi

I bibliografien står dei norrøne lovene på originalspråket alfabetisk etter tittel på utgåva. Omsette lovtekstar som vi viser til fordi vi kommenterer omsetjinga, står i bibliografien alfabetisk etter utgjevar.

- ANTUN, Monika. 1999. *Kvinnene på bygdetinget i Nordhordland midt på 1600-tallet – Ei gransking av kvinners stilling og posisjon i tinginstitusjonen; Retthandheving og praksis i Nordhordland sorenskriveri 1642-1668*. (Upublisert masteroppgåve i historie, UiB).
- DN = *DIPLOMATARIUM NORVEGICUM*, bind I – XXIII. 1847–2011. Oslo: Riksarkivet.
- BJARKØYRETTE – NIDAROS ELDSTE BYLOV. 1997. Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes (red.). Oslo: Samlaget.
- FROSTATINGSLOVA. 1994. Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes (red.). Oslo: Samlaget.
- KONG KRISTIAN DEN FJERDES NORSKE LOVBOK AF 1604. 1853. Fr. Hallager og Fr. Brandt (red.). Kristiania
- KONG MAGNUS LAGABØTERS LANDSLOV. 1915. Absalon Tarander (red.). Kristiania: Cammermeyer Boghandel.
- KONG MAGNUS HÅKONSSONS LAGABØTES LANDSLOV. *Norrøn tekst med fullstendig variantapparat*, 2 bind. 2018. Magnus Rindal og Bjørg Dale Spørck (red.). Oslo: Arkivverket
- LASKE, Caroline; Mundal, Else; Sunde, Jørn Øyrehagen (under utgjeving). “Finding women in the Landslaw: language, discourse and inclusion”.
- MAGNUS LAGABØTES LANDSLOV OG VIKTIGE RETTARBØTER 1280 – 1527. 2024. Magnus Rindal (red.). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- MARIU SAGA. *LEGENDER OM JOMFRU MARIA OG HENDES JERTEGN*. 1871. C. R. Unger (red.). Christiania.
- MUNDAL, Else. 2020a. “I kva grad kan forholdet til Island ha påverka den norske lovgjevinga som fører fram til Landslova av 1274?” I Anna Catharina Horn og Karen Arup Seip (red.) *Lov og lovgiving i middelalderen. Nye studier av Magnus Lagabøtes landslov*. Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- MUNDAL, Else. 2020b. “Kva hadde kvinnene på tinget å gjere? Kvinneroller på tinget etter norske landskapslover og Landslova. I Anna Catharina Horn og Karen Arup Seip (red.) *Lov og lovgiving i middelalderen. Nye studier av Magnus Lagabøtes landslov*. Oslo: Nasjonalbiblioteket.

- NgL = *NORGES GAMLE LOVE INDTIL 1387*, bind I – V. 1846 – 1895. Rudolf Keyser, P. A. Munch, Gustav Storm, Ebbe Hertzberg red.). Christiania: Chr. Grøndahl.
- RN = *REGESTA NORVEGICA*, bind I – X. 1978 – 2015. Oslo: Riksarkivet.
- ROBBERSTAD, Knut (red.). 1923. *Kong Magnus Lagabøtes Bylov*. Kristiania: Cammermeyers Boghandel.
- ROBBERSTAD, Knut (red.) 1981 [1937]. *Gulatingsslovi*. Oslo: Samlaget.
- ROBBERSTAD, Knut. 1969. “Rettergang: Noreg”. *Kulturhistorisk leksikon for nordisk mellomalder*, bind 16, 131–143. Oslo: Gyldendal.
- SANDVIK, Hilde. 2002. *Kvinneres rettslige handleevne på 1600- og 1700-tallet, med linjer fram til gifte kvinners myndighet i 1888*. Oslo: Det historisk-filosofiske fakultet UiO.
- SNORRI Sturluson. *Edda. Prologue and Gylfaginning*. 1983. Anthony Faulkes (red.). London: Viking Society for Northern Research.
- STRØM, Adele Haugland. 2016. *Kvinner, eiendom og fordringer – En undersøkelse av tingbøker fra Nordhordland i årene 1677-1697* (Upublisert masteroppgåve i historie, UiO).
- TVEIT, Miriam; Korpiola, Mia; Mundal, Else; Vogt, Helle. 2022. “‘En kvinne skal straffes for alle forbrytelser som en mann’. Kjønnsspesifikke straffer i nordisk middelalderlovgivning ca. 1100 – ca. 1300”. *Historisk tidsskrift*, vol. 101, 4/2022, 299 – 324.
- WÆRDAHL, Randi Bjørshol. 2019. “‘Manndtz Nature vdi hindis hierte’: Kvinner i krig og konflikt i nordisk senmiddelalder”. *Collegium Medievale*, vol. 32, 2/2019, 95–111.

Jørn Øyrehagen Sunde. Professor i rettshistorie ved Institutt for offentlig rett, UiO.
E-post: j.o.sunde@jus.uio.no

Else Mundal. Professor emerita i norrøn filologi ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, UiB. E-post: else.mundal@uib.no